

# Mobilslakteriet rul(l)ar

**Ein liten gut som nett hadde fått seg ny mobil og som hørde om mobilslakteriet, var litt bekymra.**

**Men her treng ingen bekymre seg – ikkje ein gong sauene. Dei får ikkje tid til å bli redde, for veggen frå bås til bord er blitt utruleg kort. No kjem slakteriet heim til sauene i staden for at sauene må ut på ei lang og utriveleg reise til slakteriet. Gründerane Jarl Iversen, Torill Malmstrøm, Helene E. Geelmuyden og Birte Larsen rullar rundt på ein 16 meter lang suksess i Sogn og Fjordane og Hordaland.**

**Dei vestlandske** transportvegane er blitt lengre med åra, men likevel ikkje så behagelege verken for folk eller dyr. Dette har slakterigründarane tatt konsekvensen av. Jarl Iversen frå Holmedal har fronta denne saka i Sogn og Fjordane i årevis, og no endeleg er draumen blitt ein realitet.

– **Her er det høgt tempo**, fortel Iversen på telefon, der han står mellom tarmar og blod. – Det går fort føre seg, men sauene slepp å få opp adrenalinet før slakting. Det må berre bli betre kjøtt av sauar som slepp å stå samanstuva over fjordar og fjell – før dei møter

sitt endelykt. Medeigar og veterinær Torill Malmstøm ser også andre fordelar enn berre dyrevelferd.  
– Med dette slakteriet håpar vi på meir foredling rundt om i bygdaene.

**Dette er distriktpolitikk i praksis.** Bonden får meir kontroll på heile verdikjeden, når han kan fylgje sitt eige produkt frå bås til bord. Det blir og lettare å stette kravet frå forbrukarane om å kunne spore kjøtet.  
– Vi kan ikkje ta opp konkurransen med dei store slakteria, men kan vere eit godt supplement. Og så langt har både bønder og



Mattilsynet vore svært positive til det rullande slakteriet.

– **Det er viktig å lære å krype før ein kan gå**, seier Helene E. Geelmuyden. Det gjer at Mobilslakt AS må starte i det små, for å sjå kvar skjeringspunktet mellom kundane sine behov, dyrevelferd og lønnsemd ligg. På sikt ønskjer gründerane at konseptet skal rulle i heile landet.